

Vilje og skrøpeligheit



Les Rom 7, 14-19

Når me vert helliggjort får me ein ny vilje. Me ynskjer å gjere slik som Guds lov seier. Men sjølv om Gud skaper denne vilje i oss, så har me ikkje styrke til å gjennomføre den (v18). Dette er ein kvar sann kristen si store sorg. Alt det gode som han vil gjera, det finn han ingen krefter til å gjennomføre. Han kan prøva og prøva å gjera alt det som hans samvittighet seier at han skal gjera, men han klarer aldri gjennomføra mesteparten. Mange gonger ender det heller opp med at han gjer det motsatte av det han ville gjera, slik som Paulus. (v15)

Nokon trur at ein vert eit betre og betre menneske dess nærare ein kjem Gud. Utad kan det kanskje synes slik, men ein kristen vil oppleva det motsatt. Dess nærare me kjem Gud, dess meir vil me sjå av alt det me burde gjera, og alt det me burde lat vera å gjera. I eigne auge vert me slett ikkje noko betre menneske. Dermed mister me meir og meir trua på oss sjølv, og vert meir og meir oppgitt over den store avstanden frå det me vil gjera og det me faktisk gjer.

Men Gud seier: "Min nåde er nok for deg, for mi kraft blir fullendt i skrøpeligheit" (2Kor 12:9). For at Paulus skulle verta frelst er det nok med Guds nåde. Hans eigne gjerningar har ingenting å bety. Men når det gjeld kraft til å gjera Guds vilje, så er det den skøpelige som får denne. I skrøpeligheiten vert han sterk. Paulus er eit eksempel på dette. Han gjorde skikkeleg store ting! Alt frå å misjonera, til å vekke opp døde (Apg 20, 9-12). Han er ein av dei store førebiletene våre, og me ynskjer at me var like flotte kristne som han. Men sjølv om han hadde gjort alt dette så seier han «Eg skjønar ikkje det er gjer. For det som eg vil, det gjer eg ikkje. Men det som eg hatar, det gjer eg.» Samtidig som Paulus får kraft til å gjer det gode, så ser han meir og meir av alt det andre som han ikkje klarer å gjera. Paulus var ikkje fornøgd i det heile med at han hadde gjort så mangen store ting. Han burde jo ha gjort så mykje meir! Dessutan, det skulle bare mangle at han gjorde dette, og endå meir, han skylte tross alt Jesus sitt liv.

Men heldigvis seier Jesus: Salige er dei fattige i Anden, for himmelriket er deira. Dei som ikkje roser seg av mange store andelege gjerningar, men ser sin eigen skrøpeligheit, det er desse som kjem til himmelen. Og ikkje nok med det, det er desse skrøpelege Gud bruker til å fullføre sitt verk i dag og.



1. Var noko av dette vanskeleg å forstå?
2. Kva forutsetning må til for å verta brukt av Gud?
3. Kva skjer med dei som ikkje er skrøpelige?
4. Kva vil det seia å vera fattig i andren?
5. Kan Gud bruke deg? Kvifor\kvifor ikkje?



Bønn:

*Eg ville gjerne eiga ei tru så sterk og stor,
Ei tru som kunne synast i gjerning og i ord.
Men når mi tru sig saman og alt mitt eige verk,
då har eg berre Jesus, og då er trua sterk.
Eg ville gjerne eiga ein kjærleik stor og varm.
Som kunne varma andre som frys i hat og harm.*

*Men når min kjærleik kolnar i versens kalde vind,
då har eg endå Jesus, hans kjærleik den er min.
Eg ville gjerne leva eit liv som liknar hans,
eg ville gjerne lysa med litt av same glans.
Men om det lite lukkast, så har eg endå von:
Mitt liv det er i Kristus, den levande Guds son.*